



ÅRSPLAN 2014 OLAV SLETTO-SELSKAPET

VÅR-SLETTO

Laurdag 21. juni: Årsmøte i Olav Sletto-selskapet. Hovudtalar er dr.art. Kari Telste, seksjonsleiar NEG og forskingskoordinator ved Norsk Folkemuseum. Ho er forfattar av fleire bøker om kvinneliv i samfunnet, og foredrag om tenestjentene si historie (Sogner/Telste: Ut å søkje tenest). Eva Almhjell fortel om arbeidet med å leite opp spor etter Anne Jensdotter Sletto, tenestjente og mor til to "uægte børn". Årsheftet 2014 blir lagt fram, og det blir sal av boka Per Gjetar. Vika velferdssenter kl. 11-14.

HAUST-SLETTO

11. september kjem Erling Rimehaug, samfunnsredaktør i Vårt Land, og kåserer om temaet "Gudstru og naturtru som parallelle truer i norsk trushistorie". Møtet er eit samarrangement med Ål kyrkjeakademi. Informasjon om tid og stad kjem seinare.

Medlemkontingenten 2014 er kr. 200.

Medlemsbrev og nyhende blir publisert etter kvart her: www.olavslettoselskapet.no